

ALVER KOMMUNE  
v/ Egedomsavdelinga  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/1999 - 21/46204

Saksbehandlar:  
Ingrid Raniseth  
ingrid.raniseth@alver.kommune.no

Dato:  
01.07.2021

## Kunngjering av vedtatt reguleringsplan

REGULERINGSPLAN FOR E39 VIKANE - EIKANGERVÅG – MELDING OM PLANVEDTAK

I medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 12-12 har Alver kommunestyre 24.06.2021 handsama framlegg til reguleringsplan med slikt vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg, PlanID 1263-201804, som vist på plankart sist datert 22.01.21 og med føresegner av revisjonsdato 21.05.21.»

De er med dette gjort kjend med vedtaket.

Den vedtekne reguleringsplanen er straks bindande for framtidig arealbruk i området, samt for utviding av eksisterande tiltak, jf. pbl §12-14.

### SAKSDOKUMENT

Godkjent reguleringsplan med tilhøyrande dokument er tilgjengeleg på heimesida under [Høyringar og kunngjeringar](#) og i digitalt planarkiv [Nordhordlandskart.no/pr](http://Nordhordlandskart.no/pr).

### OM KLAGE

Vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast jf. forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke, om ikkje anna frist er oppgitt. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen stilast til:

- Alver kommune, Plan v/Arealforvaltning , postboks 4, 5906 Frekhaug, eller
- som e- post til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

**Klagefrist er sett til 14.08.2021**

I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

### **ERSTATNING/INNLØYSING**

Krav om erstatning etter pbl § 15-2 og krav om innløyising etter den same lova § 15-3 må setjast fram seinast 3 år etter at reguleringsplanen er kunnngjort.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Ingrid Raniseth  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*